

---

**Fra:** Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** 30. juni 2017 20:17  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Fwd: Spørsmål tilKjetil Eikefet.

Orsak,- men denne sendinga sender eg no for andre gong. Diverre har eg etter brukt feil adresse (lindaas i staden for lindas). Sender den såleis på nyt og håpar at sendinga då kjem fram. No er det vel ferietid for ein del også av kommunetilsette. Såleis kan det bli spørsmål om tid før det kan gjevast svar på spørsmåla. Men eg vil setja svært stor pris på om det vert stadfest om posten kom fram. Takk på førehånd.

Med vennleg helsing Reidar Furelid

----- Videresendt melding -----

**Emne:** Spørsmål tilKjetil Eikefet.  
**Dato:** Thu, 29 Jun 2017 12:24:51 +0200  
**Fra:** Reidar Furelid <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>  
**Til:** [postmottak@lindaas.kommune.no](mailto:postmottak@lindaas.kommune.no)

Hei!

**Til Arne Eikefet**

Iflg. Lindås Kommune sine vegvedlikehaldsarbeidarar er det deg eg må venda meg til med spørsmåla mine:

Det gjeld ymse som kommunen har bruk / eller ikkje fått bruk / og som ligg lagra i skogen nord for nordre utløp av Furebergtunnelen. Det er faktisk ein del der som kan nyttast i gjevne høve. Det dreiar seg mellom anna om brukte ferister og ein del betongrøyrer som etterkvart er ganske mosegrodde.

Gamle ferister kan brukast til bruer (fundament) i skogsveg. Vi fekk ekstra behov for slikt etter at skogsvegen vår fekk skadar i høve at det vart køyrd relativt tunge gravemaskiner der då kraftliner hos oss vart rivne og ny line sett opp. Arbeidet gjekk sin gang uavhengig av veret! (Lina: Gausereide - Heggertveit og vidare.) Så har vi ein gardsveg gjennom dalen på Gausereide som er opprusta i dag til å tolka kva det skal vera. (5 aktive, daglege, - brukarar.) Men her må gjennomløpet for vatnet frå vest gjerast noko med, - og der kan eventuelt brukast store røyr.

Eg har to gravemaskiner, 8 og 14 tonns, og gjer såleis arbeidet sjølv, - og har ein tanke om korleis ein kan bruka noko av det kommunen har lagra og som truleg Lindås kommune ikkje ar nokon plan for, -når det gjeld bruk. Vi er og sjølvhjelpe når det gjeld eventuell transport.

Håpar dette kan vurderast og vi ser fram til positivt svar.

Med vennleg helsing

Reidar Furelid, Vassbygdvegen 271, 5912 SEIM